

Tilvenning og overgongar

Ny i barnehagen og tilvenning

Foreldra til alle nye barn vert inviterte til barnehagen for eit informasjonsmøte i juni. Her får de omvisning i barnehagen, informasjon om oppstart og møte dei andre foreldra. Vi har ikkje faste besøksdagar, men oppfordrar til å kome på besøk nokre gongar før sommaren. Anten for å vere på uteområdet eller bli invitert inn på avdelinga.

Å starte i barnehage er ofte barnet sitt først møte med ein overgong. Den første tida i barnehagen kallar vi tilvenningstida. I august er det ofte tilvenning for alle, vi har både heilt nye born, born som har bytta avdeling og vaksne som har bytta avdeling. Men den største overgangen vil vere for dei som skal begynne i barnehage for aller første gong, og for dei som skal begynne i ny barnehage. For å få ein trygg start i barnehagen får barnet ein vaksen eller to som har eit særleg ansvar for å følgje opp barnet. Pedagogisk leiar har likevel alltid hovudansvaret. Her vil vi gi litt informasjon om desse første dagane.



Overgong til barnehage er ein lausrivingsprosess for både born og foreldre. Som foreldre kan ein bli usikre på om ein gjer det rette og om barnet vil trivast her. Desse kjenslene opplever dei fleste foreldre. Snakk gjerne med personalet i barnehagen om du ynskjer det.

Dersom barnet ikkje er van med å bli passa av andre kan det vere lurt å la andre kjente passe barnet av og til i tida før barnehagestart.

Tilvenningsperioda går i utgangspunktet over fem dagar. Nokon born treng mindre og andre meir. Dette vert avtalt med kontaktperson og pedagogisk leiar på gruppa. Vi ynskjer at foreldra så langt som råd skal setje av fem dagar til å vere i barnehagen saman med barnet. Vår modell for tilvenning er basert på forskning på barn sine behov og kunnskap om tilknytning.

Modellen er basert på eit forskingsprosjekt i Trondheim kommune, og denne kan de lese meir om her:

[Å begynne i barnehagen - foreldreaktiv tilvenning](#)

Vi vil helst at tilvenninga skal starte ein tirsdag eller onsdag. Då vert dag fem i starten på ny veke, og første dag åleine i barnehagen vert ikkje rett etter helg.

Dag ein til tre

Det vil då vere 3-4 born som er på tilvenning samstundes. Foreldra er til stades heile tida, og det er foreldra som tek seg av måltid, stell, trøst, legging og så vidare. Då får dei tilsette i barnehagen bli kjent med barna sine behov og rutiner. Så får borna nærme seg dei andre i eige tempo. Fint om begge foreldra tek del i tilvenninga, men vi ynskjer at berre ein skal vere til

stades i gongen. Dersom alle har med to foreldre vert det veldig fullt og uoversiktleg på avdelinga.

Vi avtalar eit tidspunkt for når de skal kome første dag. Etter dette så avtalar de direkte med dei tilsette på avdelinga. De er i barnehagen mellom fire og seks timar alt etter soverutiner og



korleis barnet har det. Det kan vere lurt at de kjem til barnehagen omlag til same tid som etter tilvenningsperioda. Ein kan forvente at barnet er ekstra trøtt desse dagane og rolige ettermiddagar med familien anbefalast.

Før barnet skal starte ynskjer vi ein [startsamtale](#) om barnet. Dersom ein ikkje får til dette så tek ein samtalen ein av dei første dagane barnet er i barnehagen. Ein avtalar tid til dette på foreldremøte om våren. Her vil vi snakke om barnet si utvikling fram til no, rutiner som de har og mykje meir.

Dag fire og fem

Desse dagane kan de prøve å la kontaktpersonane ta over litt av oppgåvene. Ver tilstades, men hald deg litt i bakgrunnen. Då signaliserer du til barnet at det er greit at kontaktpersonen gjer dette, samstundes som du er tilgjengeleg og kan bistå eller overta situasjonen om det

trengs. Du kan også prøve å vere litt meir passiv. Sitte ein stad i utkanten av avdelinga slik at barnet kan søke trygghet hos deg innimellom all utforskinga.

Her vurderer de i lag om barnet kan vere klar for at foreldra er vekke ei lita stund. Då er det viktig at de seier "hade" til barnet. Slik lærer barnet at de går og kjem tilbake. Dersom de tek farvel med barnet og vil vere i nærheita har vi eit rom i barnehagen som de då kan vere på om de ynskjer.

Dag seks og utover

Avtal med personalet når det passar best at de kjem til barnehagen. Då kan ein sikre at kontaktpersonen har plass på fanget og tid til å ta seg av ditt barn i starten. Vi anbefalar at de prøver så godt som råd å gje borna korte barnehagedagar i starten. Dette gjeld både små og store born. Når barnet har kome godt i gong er det greiast om de lagar gode og korte rutiner ved levering. Anten ved at ein tek i mot i garderoba og de tek farvel der, eller at de fyl barnet til frukostbordet.

Born som har gått i andre barnehagar før

Det er ikkje sikkert det er samme behovet med born som har gått i ein annan barnehage. Her gjer ein eigne avtalar, men set likevel av tre dagar til dette. Fortsatt anbefalar vi korte dagar då det er mykje nytt for barnet og ekstra krevjande å vere i barnehagen.

Nokre tips på vegen:

Ikkje vis usikkerheit- Fortel barnet at du skal gå, og gå når du har sagt det. Dersom du viser at du er usikker vert barnet usikkert og tilvenningsperioda kan ta lengre tid. Det er viktig at borna får erfare at foreldra seiar i frå før dei går, og kjem tilbake etter ei tid.

Ikkje snik deg ut- Det kan gjere barnet utrygt. Barnet skal erfare at foreldre går -og kjem tilbake igjen. Det skaper forutsigbarheit.

Kva om barnet gret?- Erfaringane i barnehagen tilseier at barnet sin gråt stilnar like etter at foreldra har reist. Dette er aldri kjekt, men de kan også ringe barnehagen etter ei tid for å høyre korleis det går. Vi lovar også at vi ringer til dokker dersom vi ikkje greier å roe barnet.

Overgongar innad i barnehagen

Innad i barnehagen får ein gode overgongar ved at minst ein frå personalet på Småtrolla fyl borna over på dei andre avdelingane. Borna får også gå mykje mellom avdelingane i det daglege og er stort sett godt kjende over heile huset. Dersom det er mulig så flyttar vi borna til nye avdelingar i løpet av juni slik at dei er klare på ny avdeling når nytt barnehageår og nye barn startar

Overgong til skule

Skulane og barnehagane i Ørsta kommune laga i 2021 ein plan for korleis ein skal sikre ein god samanheng mellom barnehage og skule:

[Samarbeid og samanheng mellom barnehage, skule og SFO](#)

Overgong til ny barnehage

Dei ulike barnehagane i kommuna samarbeider også for å sikre ein god overgang for borna ved byte av barnehage. Det kan til dømes vere å besøke kvarandre etter at opptak er gjort og etter oppstart. Dersom foreldra samtykker har barnehagane ein overgongsamtale om barnet.